

Vil gjera nynorsken enklare

(NPK–Margunn Sundfjord): Skriv du nynorsk, kan du i dag velja og vraka blant ulike skrivemåtar. Den store valfridomen er omdiskutert. No vil Språkrådet stramma inn og gjera nynorsken enklare.

– Vi har ikkje diskutert konkret kva vi skal sjå på, men målet er å laga ei tydeleg, enkel og stram norm utan sideformer, seier nestleiar i Språkrådet, Magni Øvrebotten.

Ho seier Språkrådet så langt ikkje har diskutert detaljar. Av den grunn ynskjer ho ikkje å uttala seg om kva ord og former som eventuelt kan bli borte.

– Det kan dreia seg både om konservative og radikale former, meiner ho.

Tydeleg og stabil

I pressemeldinga frå Språkrådet heiter det at «Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som brukar nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid». I vedtaket heiter det at ein vil sjå på både talemålsgrunnlaget, mykje brukte ord og former, geografisk spreiding og tradisjonar for skriftspråket.

Tilhengjarane av den store valfridommen innanfor nynorsken har gjerne lagt vekt på at det er ein fordel å kunna skriva ein nynorsk som ligg nær opp til talemålet. Magni Øvrebotten seier at ho både har vore og er ein stor tilhengjar av dette synet. Samstundes har ho kome til at det trengst ei norm.

Problematisk valfridom

– Både i jobben min og frå skuleverket har eg fått vita at det er mange som har problem med dei mange valfrie formene i nynorsk. Dei vil vita kva som er lov å skriva. Eg har difor kome til at nynorsknorma treng eit vern, seier Magni Øvrebotten, som til dagleg er leiar for Nynorsk mediesenter i Førde. Ho peikar dessutan på at det er blitt stor aksept for å bruka dialekt, men at dette ikkje har

ført til større aksept for å ha ei nynorsknorm.

– Eg har tvilt, og tvilt og tvilt i mange år, men har kome til at nynorsknorma treng hjelp, seier Øvrebotten, som håpar at den nye norma vil føra til at nynorsken vert endå betre.

Borte i bokmål

Jan Olav Fretland, styremedlem i Språkrådet og tidlegare leiar både i Språkrådet og Noregs Mållag, peikar også på at mange slit med dei valfrie formene i nynorsk.

– Veldig mange lærarar klagar på dei mange valfrie formene i rettskriving og bøyingsformer i nynorsk.

– Mange har også kome i tvil om sideformene kan overleva i nynorsk når dei er borte i bokmål, seier Fretland og peikar på at hovudformer og klammeformer i bokmål vart likestilte i 2005.

Språkrådet skal no setja ned ei gruppe som skal koma med framlegg til ei ny nynorsknorm. Gruppa skal setjast saman både av fagfolk i Språkrådet, representantar frå målrørsla, forvaltninga, utdanningssektoren, forlagsbransjen og media. Våren 2009 håpar Språkrådet å ha klar ei tilråding til departementet, som har siste ord i saka.

Debatt i Mållaget

Noregs Mållag gjekk i 2004 inn for å halda på skiljet mellom hovudformer og sideformer. No diskuterer organisasjonen om dei skal halda på vedtaket eller endra syn.

– Vi veit at Språkrådet har eit anna syn, og at dei etter press frå departementet har starta ein prosess for å få til ein strammare nynorsknormal. I Noregs Mållag har vi også starta ein prosess på dette. Mellom anna skal vi ha eit seminar om normering i Oslo 13. – 14. oktober, seier leiar Hege Myklebust. Saka skal også opp til ny vurdering på landsmøtet til Mållaget i april 2008.

– **God idé**

Personleg meiner mållagsleiaren at idéen til Språkrådet er god.

– Eg trur ei enklare og meir systematisk norm vil gagna nynorsken. Eg kjem sjølv frå eitt av nynorsken sine kjerneområde. I arbeidet mitt har eg møtt mange lærarstudentar som har vakse opp med nynorsk, men som blir veldig usikre på kva som er rett når dei skal bruka det. Også for alle andre som skal læra å bruka nynorsk, trur eg det er ein fordel om det finst tydeleg svar på kva som er rett, seier Myklebust.

Ho synest ikkje dette synet strir mot argumentet med samanhengen mellom nynorsk og talemål.

– Samanhengen mellom talemålet og nynorsk går ikkje på at folk skal kunna skriva slik dei snakkar. Det handlar om å visa mest mogleg samanheng mellom det som er felles i dialektane, seier Myklebust. Ho peikar på at dialektane dessutan endrar seg heile tida og at ein ikkje kan endra norm kvar gong det skjer ei endring i talemålet. (©NPK)